

Arkivnr: 2014/24617-95

Saksbehandlar: Signe Ekeland

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		30.10.2018

**Sak om tap av godkjenning som opplæringskontor****Samandrag**

Opplæringskontoret i Austevoll har vore under rettleiing av fylkeskommunen sidan 2017. Årsaka til dette er at opplæringskontoret ikkje fylgjer vedtak, og at vi har motteke fleire varslingar og bekymringsmeldingar på opplæringskontoret i Austevoll og medlemsbedrifter.

I denne samanhengen tenkjer ein på elevar, lærlingar og på opplæringskontoret.

Saka har blitt svært omfattande, og fylkeskommunen har brukt store ressursar på oppfølging. Fylkeskommunen har over lang tid vore i dialog, gitt rettleiing og stilt konkrete krav med tidsfristar til opplæringskontoret. Tid har vore ein kritisk faktor i og med at forholda som er peikt på bryt med opplæringslova og har direkte påverknad på opplæringa til kvar einskild lærling. Fylkeskommunen si rettleiing og framsette krav til opplæringskontoret er ikkje blitt etterfylgd. Opplæringskontoret i Austevoll har ikkje sett inn tilstrekkelege tiltak for å betra situasjonen og har soleis ikkje handla på krav frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal utøve mynde slik at brukarane er sikra korrekt handsaming og rettvise avgjersler. Fylkeskommunen si plikt til å godkjenne, rettleie og følgje opp lærebedrifter for å sjå at lærebedriftene oppfyller pliktene sine, er ein del av det overordna ansvaret fylkeskommunen har for å sikre at lærlingar får den opplæringa dei har krav på. Fylkeskommunen har i denne saka avdekka forhold som er i strid med lov og forskrift. Det er vår plikt å sikre at det vert sett i verk tiltak som er tilstrekkelege til å rette opp i slike forhold..

Fylkesrådmannens vurdering er at vi etter lang oppfølging likevel ikkje kan vere trygg på at opplæringskontoret i Austevoll opptre forsvarleg når det gjeld opplæringskontoret sitt ansvar.

Før seksjonsleiar fagopplæring skal ta avgjerd om det ligg føre grunnlag for tap av godkjenning som opplæringskontor, vert saka no lagt fram for Yrkesopplæringsnemnda til uttale og rådgjevande vedtak.

Opplæringskontoret har i dag om lag 160 lærekontraktar, fordelt på 17 lærefag. Dersom det blir gjort vedtak om tap av godkjenning som opplæringskontor, vil kontoret få vedtaksbrev med klagerett på forholdet. Fyrst når klagefrist er gått ut, vil vedtaket bli effektivt. Eksisterande lærekontraktar blir då flytta slik at dei blir direkte knytt til medlemsbedriftene der lærlingane no er i lære. Fylkeskommunen er førebudd til å handtere dette raskt.

Opplæringskontoret i Austevoll vil på eit seinare tidspunkt kunne søkje om godkjenning som opplæringskontor, når og dersom dei kan dokumentere at internkontrollsystemet deira er forsvarleg nok til at vilkåra for godkjenning er til stades.

**Økonomi:** Vedtaket har ikkje påverknad på utbetalingar av læretilskot

**Klima:** Ingen kjent effekt

**Folkehelse:** Å ha eit godt opplæringsmiljø og få fullført utdanninga vil ha noko å seie for den einkilde si helse

**Regional planstrategi:** Ingen kjend påverknad på strategien

### **Forslag til innstilling**

Yrkesopplæringsnemnda rår til at opplæringskontoret i Austevoll blir fråtatt godkjenninga. Dersom opplæringskontoret i Austevoll vel å søkje om ny godkjenning, bør det skje i dialog med fylkeskommunen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 vedlegg 1 til y-nemnda konfidensielt
- 2 Vedlegg 2 til y-nemnda konfidensielt
- 3 Vedlegg e-innsyn sladdaversjon

### Fylkesrådmannen, 16.10.2018

Fylkeskommunen starta vinteren 2017/2018 oppfylgingssak av opplæringskontoret i Austevoll. Bakgrunnen for oppfylginga var då to lærlingsaker, der fylkeskommunen meinte at opplæringskontoret ikkje hadde sikra at lærlingane hadde fått god opplæring, og der fylkeskommunen fleire gongar hadde peika på brot på lov og regelverk. Første sak var ei lærekontrakt som opplæringskontoret har forsøkt heva ved tre høve. Avslag har vore klaga på og vore behandla i klagenemnd, utan at opplæringskontoret har fått medhald. Kontoret har ikkje etterlevd endeleg vedtak i saka. Den andre saka utvikla seg som sak på eit tidspunkt der opplæringskontoret hadde fått grundig rettleiing om pliktene sine om vidareføring av opplæring etter avbrot/avslag på hevingar i den første omtalte saka. I oppfylgingsarbeidet av desse sakene kom det fram fleire lærlingsaker og fleire alvorlege forhold rundt opplæringskontoret, som har gjort at oppfylgingssaka har fått betydeleg større omfang og er blitt svært omfattande.

Skuleseksjonen ved Austevoll vidaregåande skule fekk bekymringsmelding om opplæringskontoret frå Flipper II AS ved Jarle T Glesnes 11. april 2018 (vedlegg s. 1, 2015/11675-4). Det gjorde også styreleiar i opplæringskontoret. Glesnes reagerer sterkt på dagleg leiar i opplæringskontoret sin omtale av aktuelle kandidatar for læreplass. Glesnes viser til at han i kraft av å vere medlemsverksemd har fått skriftlege kandidatvurderingar av typen «rart kvinnesyn, bajas, slabbedask» utlevert og reagerer svært sterkt på dette. Glesnes har gitt direkte tilbakemeldingar om forholda til opplæringskontoret og skulen. Svar frå opplæringskontoret har ikkje dempa uroa. Glesnes fann det då naudsynt å kontakta fylkesdirektør opplæring angående saka.

Austevoll vidaregåande skule har dei siste 2-3 åra fått fleire negative tilbakemeldingar frå elevar, føresette, lærarar, lokale verksemdar og reiarlag, der det kjem fram at elevar kjenner seg dårleg behandla av opplæringskontoret sin daglege leiar. Forholda er dokumentert i ei særskilt elev- og lærarundersøking og ved anna dokumentasjon. Skulen meiner at samarbeidet med opplæringskontoret ikkje er godt og ikkje på det nivå ein treng for å sikre samhandlinga om det heilskaplege utdanningsløpet. Skulen har gjentekne gongar teke dette opp med opplæringskontoret, men forholda har ikkje betra seg (vedlegg s. 5, 2014/24617-89).

Elev- og lærlingombodet var involvert over ein lengre periode i ei av sakene. I varsel av 05.06.18 til fylkeskommunen skriv ombodet: «*Som elev- og lærlingombod blir eg uroa når eg får kjennskap til at opplæringskontor vel å ikkje halda seg til vedtak frå fagopplæringskontoret/fylkeskommunen, og dermed også vel å ikkje halda seg til opplæringslova*». Ombodet skriv vidare «*Mi uro gjeld ei enkeltsak der eg har vore til støtte for ein lærling med lærekontrakt gjennom opplæringskontoret i Austevoll. Oppfølginga har gått føre seg i over eit år. Saka har tatt lang tid, og har vore krevjande for alle partar. Saka gjeld gjentatte forsøk på heving av lærekontrakt frå opplæringskontoret si side. Fylkeskommunen har gjentatte gongar avslått søknad om heving ettersom dei ikkje samtykkjer i høve til krava som skal vere til stades for heving av lærekontrakt (oppl.I § 4-6). Lærlingen har gjennom heile perioden ynskt å halda fram læretida si. Etter siste vedtak vart eventuelle nye søknader om heving av lærekontrakten avvist av fylkeskommunen. Eg har fått kjennskap til at opplæringskontoret trass siste vedtak frå fylkeskommunen, likevel har kommunisert skriftleg ut til lærling at dei ikkje ønskjer vidare samarbeid med lærlingen*».

Ombodet understrekar avslutningsvis i sitt varsel at det er viktig at opplæringskontoret trass i vanskelege saker held seg til vedtak og arbeider med utgangspunkt i å gjere ein best mogleg jobb både for sine medlemsbedrifter, men ikkje minst også for sine lærlingar (vedlegg s. 7, 2017/2491-94).

Sjømannsforbundet ved inspektør Erlend Hanssen har varsla fylkeskommunen angående opplæringskontoret si handsaming av fleire lærlingsaker, og om opplæringskontoret sine relasjonar til medlemsverksemdene. Sjømannsforbundet varsla fylkeskommunen etter å ha fått tre saker frå 3 lærlingar hjå opplæringskontoret vedk. ei konkret medlemsverksemd på under eitt år. Sjømannsforbundet har dokumentert sakene ovanfor fylkeskommunen. I eitt av dokumenta skriv lærling at han opplever å bli utnytta som billeg arbeidskraft. I følgje kontrakten skal lærling ha opplæring i motormannfaget, men lærlingen går i turnus på dekk som fiskar. Hanssen viser til sak der lærling blei sagt opp på usakleg grunnlag. Han viser vidare til at opplæringskontoret sin daglege leiar ikkje klarer å skilje mellom kontrakten lærlingane har med kvar enkelt reiarlag, og lærekontrakten. I kontraktar med reiarlaga pliktar lærlingane å delta på arbeid på

båtar i reiarlaget som driv med oppdrettsverksemd. Sjømannsforbundet kan ikkje sjå at ein fiskarlærling får rett opplæring på slike fartøy. Likeins vert det vist til sak der motormannlærling blei sett i arbeid på dekk som fiskar mesteparten av si tid om bord, og berre fekk gå vakter i maskina når båten ikkje var i fiskeriaktivitet. Når lærling tek opp problemstillinga, opplever lærlingen å få problem i læreforholdet. Når Sjømannsforbundet tek opp problemstillinga med dagleg leiar i opplæringskontoret, har det i følgje forbundet kome tydeleg fram at dagleg leiar meinte at reiarlaga kan bruka lærlingar i anna arbeid enn opplæring i verdiskapingsåret (vedlegg s. 8, 2014/24617-90).

### **Fylkeskommunen sitt undersøkingsarbeid i saka**

Fylkeskommunen har gjennom kontakt med fleire involverte personar i oppfylging av sakene fått kjennskap til forhold rundt dagleg leiar som ein har vurdert til å vere urovekkjande og uakseptabelt. Ein har funne det nødvendig å påpeike dagleg leiar si negative tilnærming og åtferd, som ein meiner har hatt direkte negativ verknad på skuleelevar og lærlingar sin integritet. Fylkeskommunen har vist til at vi har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

### **Om opplæringsmiljø - opplæring i lærefag - bruk av intern opplæringsplan**

Fylkeskommunen har gjennom oppfylging av saker fått kjennskap til at fleire lærlingar over lengre periodar ikkje har fått opplæring i lærefaget sitt, og i staden har blitt sett til andre produksjonsoppgåver i medlemsverksemda.

Ved fleire høve har lærlingen fått problem i læreforholdet og med opplæringskontoret dersom dei har teke opp manglande opplæring med dei ansvarlege. Fylkeskommunen har grunn til å tru at det ved fleire høve urettvist, eller på ikkje tilstrekkeleg grunnlag, har blitt gitt åtvaringar, og/eller det har vore konkludert med at lærlingar har vore umotiverte, har gjort feilval o.l. Opplæringskontoret pliktar å leggje produksjonen og opplæringa til rette slik at lærlingar kan nå måla i læreplanen for lærefaget sitt. Fylkeskommunen har påpeika dette ved fleire høve, og har også ved fleire høve påpeika ujamne maktforhold mellom lærling og medlemsbedrift/opplæringskontor ved drøftingsmøte om ovannemnde; forhold som kan ha sett lærlingar i særleg krevjande situasjonar. Fylkeskommunen har funne det nødvendig å vise til arbeidsmiljølova og til skipsarbeidslova sine vilkår der det blir stilt krav til drøftingar, og at oppseiing skal vere sakleg grunngeve. Ved eit tilfelle greip fylkeskommunen direkte inn og stansa eit slik planlagt møte etter ei vurdering av skarpheita i møteinnkallinga til samtalen med lærlingen. Lærlingen har ynskt å byte læreplass. Fylkeskommunen har bedt om at denne lærlingen får høve til å skifte læreplass, og har oppmoda om tett oppfylging og har bedt om å bli halden orientert om utviklinga i saka. Fylkeskommunen saknar informasjon.

Undersøkingsarbeidet har vist at det for mange lærlingar kan vere vanskeleg gjennom opplæringa å kunna nytta det elektroniske opplæringsprogrammet, den interne opplæringsplanen, som opplæringskontoret nyttar. Dette har fleire årsaker. Ei årsak er at lærlingar utfører anna arbeid enn lærefaget sitt. For det andre er det ikkje elektronisk tilgang til programmet når ein er på havet, og arbeidet må gjerast i friperiodar. Det er også rapportert om tilfelle der dei ansvarlege i medlemsverksemda ikkje har opplæring i å bruka programmet og difor ikkje utfører sin del av den elektroniske opplæringa. Ved oppfylging har fylkeskommunen fått dokumentasjon på at svært mange lærlingar over lengre periodar ikkje nyttar programmet. Ein har registrert at manglande innsats frå lærlingane i enkelte tilfelle har blitt sanksjonert frå opplæringskontoret si side, medan tilsvarande manglande innsats frå dei ansvarlege i medlemsverksemdene ikkje har fått nødvendig merksemd.

Fylkeskommunen har gjennom oppfylging fått kjennskap til opplæringsssituasjonar/oppfylging der lærling kjenner seg svært dårleg behandla og diskriminert. I fleire saker meiner fylkeskommunen at særskilt dagleg leiar har opptrådd uetisk, og at dette har gått ut over lærlingar sin integritet.

Fylkeskommunen kan ikkje godta at eit opplæringskontor i fleire tilfelle ikkje fylgjer lovverket og ikkje rettar seg etter vedtak. Fylkesrådmannen finn det rett å gje meir konkret informasjon om to lærlingsaker, for å vise kor omfattande og krevjande sakene har utvikla seg. Kort omtale følger.

### **Lærling 1**

L1 starta i lære 01.08.17 i fiske og fangst og skulle etter planen vore ferdig med læretid 31.07.19. Ho var 4 månader i lære (med friperiodar) før læreforholdet vart avbrote. Ho vart sendt i land, og oppgitt årsak er fare for allergi. L1 og Sjømannsforbundet har gitt anna informasjon til fylkeskommunen. L1 fekk ikkje opplæring slik ho hadde krav på, men opplevde heller å vere i forpleiing i 5 av 10 veker om bord. L1 tok sjølv initiativ til å bli flytta til dekk slik at ho kunne få opplæring i faget sitt, men vart avvist med at dersom ho ikkje jobba bra nok, fekk ho berre vere i forpleiing. L1 har omtala oppfylgingsmøte som eit møte der ho blei «sparka». Opplæringskontoret sin informasjon i høve oppfylginga var at «L1 måtte i desember gje seg grunna fare for allergi». I usemja som oppsto henta lærling inn legeerklæring som dokumentasjon; der kjem det fram at ho er frisk og ikkje har allergi. Lærling ynskte seg ut att i lære. Fylkeskommunen registrerte at det var stort misforhold i opplysningar gitt frå opplæringskontoret samanlikna med den reelle situasjonen til L1. Saka blir i tillegg meldt som avbrot, ikkje heving, sjølv om L1 opplevde å ha fått kontrakten sin urettvist avslutta. Fyrst om lag tre månader etterpå meldte opplæringskontoret frå til fylkeskommunen om at L1 ikkje var under opplæring. Opplæringskontoret skulda ho for sjølv å vere ansvarleg for at ho ikkje var i lære, mellom anna fordi ho hadde fått tilbod om omplassering på ei ferje. Dette trass i at L1 hadde peika på at ho ynskte opplæring i faget ho hadde lærekontrakt i. Det er ikkje rimeleg å gjere lærlingen ansvarleg for påståtte helseplager og for å sjølv vere skuld i å stå utanfor opplæring, når ho ikkje blir tilbydd opplæring i fag ho har lærekontrakt i. Det må vere aksept for at ein lærling påpeikar at ho er lærling i fiske- og fangst, og ber om opplæring i verksemd med det faget. L1 kjenner seg svært dårleg behandla av opplæringskontoret og medlemsverksemda, og ho har påpeika diskriminerande åtfærd i samband med læreforholdet sitt og saka si (vedlegg s. 8, 2014/24617-90).

Saka vart løyst ved at lærling sjølv skaffa seg ny lærekontrakt i anna fylke. Ved oppfylging frå fylkeskommunen oktober 2018, melder L1 at ho er i full opplæring, trivst svært godt, og det er ikkje meldt om helseplager.

## Lærling 2

L2 starta i lære 20.04.15 og skulle etter planen vore ferdig med læretid 19.04.19. Opplæringa føregjekk i medlemsverksemda Hordafor. Han var 22 månader i lære, seks av desse måtte han jobba som kokk. Til saka høyrer det at det har vore dialog om manglande utført teorioppgåver i lærefaget. Lærling har hevda å ha hatt ein avtale med rådgjevar på opplæringskontoret om å fyrst konsentrere seg om å gjere ferdig fellesfaga. L2 skulle etter avtale om bord i ny båt frå 29.3.17, og hadde i e-post av 24.02.17 mottatt innkalling til halvårssamtale 07.03.17 (sin første i læretida). Kva som så skjedde i perioden mellom 24.02 og 07.03.17, har ikkje undersøkingar gitt svar på. Fylkeskommunen si vurdering er at det var tydeleg planlagt at læreforholdet skulle avsluttast. Medlemsverksemda stilte med mannskapssjef i staden for instruktør eller fagleg leiar til det som i innkallinga var omtala som halvårssamtale. Opplæringskontoret stilte med dagleg leiar og rådgjevar. Verksemda presenterte protokoll for heving. Det vart eit svært vanskeleg møte for L2. Fylkeskommunen meiner at lærlingen opplevde stor maktubalanse. Han var uførebudd på situasjonen og utan bistand frå andre. Han gjekk nesten med på heving og sluttavtale, men trakk seg i siste liten. Opplæringslova § 4.6 heimlar at fylkeskommunen skal syte for at lærlingen skal uttale seg om hevinga, før ein fattar vedtak. Dette er eit ekstra vern i høve til den svakaste parten, slik at det ikkje blir utøvd utilbørleg press, blir gitt tid til refleksjon og for å få oversikt over det som er reell årsak. Fylkeskommunen tek ikkje stilling til innsendte hevingar før begge partar er høyrte og saka er vurdert i samsvar med rutine for heving. Sjømannsforbundet var på eit tidspunkt involvert direkte mot Hordafor. Dei avklara og slo fast at ansvarleg motpart i læreforholdet ikkje var Hordafor, men opplæringskontoret. Dei konstaterte at opplæringskontoret og Hordaland fylkeskommune som dei ansvarlege måtte ordna opp i saka, og det er korrekt. Det har vore gjennomført fleire møte og samtalar mellom opplæringskontoret og L2. Han har hatt bistand av advokat og elev- og lærlingombodet i fleire av desse. Fylkeskommunen har hatt fleire møte med opplæringskontoret og medlemsverksemda for å få opplæringa i gong igjen, slik lærling hadde rett på. Det lukkast ikkje.

Dagleg leiar har i formelle saksdokument omtala L2 som 1 av dei 3 verste lærlingane han har hatt av 1000 lærlingar. Han problematiserte også helsa til L2 på usakleg og urimeleg grunnlag. Fylkeskommunen meiner at det er det svært uprofesjonelt av eit opplæringskontor å gjere. Fylkeskommunen har motteke attest frå ei bedrift datert mars 2018. L2 har vore arbeidstakar i perioden 2006 og 2008 og har hatt eit midlertidig tilsetjingsforhold i 2018. Attesten gir eit anna bilete av L2 som arbeidstakar enn det som har vore lagt fram. Sitat: «..veldig strukturert, løysningsorientert og ein rollemodell for sine kollegaer». «Hatt opplæringsansvar

for nye medarbeidarar, fått gode tilbakemeldingar på dette». Fylkeskommunen har også fått attest frå ein tilsett i Hordafor, som også gir L2 dei beste anbefalingar.

I dokumentasjon (vedlegg s. 41 2017/2491-74) av 24.10.17, skriv opplæringskontoret at «Opplæringskontoret i Austevoll kontaktar jurist på fagopplæringskontoret om plikter i samband med å forsøke å finne ny lærebedrift til L2. Det juristen svarer skal opplæringskontoret i Austevoll forholde seg til». Opplæringskontoret fekk 01.11.17 rettleiing i rettar og plikter i samband med at heving no var avslått (vedlegg s. 43, 2014/2491-35). Opplæringskontoret har etter dette ikkje retta seg etter råd og vedtak fått frå fylkeskommunen og klagenemnd. Dette er også brot med opplæringskontoret i Austevoll sin vedtekne kvalitetspolitikk av 22.12.16, jf heimesida (vedlegg s. 45, 2014/24617-87).

Til saka høyrer med at det er utferda og gitt åtvaring i eit møte som fann stad 6 månader etter at lærlingen gjekk i land. Det vil seie at det i praksis vart forsøkt å laga dokumentasjon i ettertid. Fylkeskommunen vart 12. juni 2018 gjort merksam på at munnleg åtvaring av 24. oktober 2017 vart formelt trekt attende kort tid etter den vart framsett (vedlegg s. 19, 2017/2491-91, 72). Fylkeskommunen fekk denne dokumentasjonen tilsendt frå lærlingen. E-posten om attendetrekking frå opplæringskontoret vart sendt til fylgjande mottakarar: Advokat, elev- og lærlingombodet, L2 og kopi til rådgjevar i opplæringskontoret. Trass dette har opplæringskontoret i tredje sak om heving brukt den munnlege åtvaringa som grunnlag for heving. Eit opplæringskontor har plikt til å gje korrekt informasjon. Her er det altså brukt ei munnleg åtvaring (som er trekt attende) som grunnlag for å bygga opp ny argumentasjon i hevesak. Det ser fylkeskommunen alvorleg på. Fylkeskommunen kan ikkje godta at eit opplæringskontor selekterer på denne måten i kva informasjon og dokumentasjon som skal fylgja i ei hevesak. Fylkeskommunen fann det nødvendig og også vise til AML og Skipsarbeidslova sine vilkår om dette, der det blir stilt krav til drøfting og at oppseiing skal vere sakleg grunngjeve.

Fylkeskommunen reagerte formelt ved fleire høve og godtok ikkje at opplæringskontoret handla slik det gjorde. Trass i fleire avslag på hevinga, har opplæringskontoret altså ikkje sytt for ny læreplass til L2. Saka har gått over svært lang tid og har vore ei stor belastning for L2. Styret i opplæringskontoret trekte i juli 2018 siste klage på avslag på heving av lærekontrakt, men ordna likevel heller ikkje denne gongen opp slik dei var pliktige til. Fylkeskommunen stiller spørjeteikn ved kontoret sin formelle kompetanse i høve å etterleve lov- og regelverk (vedlegg s. 21, 2017/2491-81, 85, 86, 88 (s.80)).

Det er fylkeskommunen si vurdering at opplæringskontoret gjennom motarbeidande åtfærd i saka har ansvar for forhold som kan ha hatt negativ påverknad på L2 sin integritet og omdøme, både som framtidig lærling og arbeidstakar i bransjen.

Saka har løyst seg ved at fylkeskommunen saman med lærlingen har fått på plass lærekontrakt i Maritimt opplæringskontor, og fullføring av læretida starta oppatt august 2018 etter halvanna år utan opplæring.

L2 –saka har 92 journalposter og samla sett over 400 dokumentsider. Yrkesopplæringsnemnda får eit utval av saksdokumenta. Vedlegg dokument 2017/2491-81 er særskilt vesentleg. På førespurnad kan saka gjerast tilgjengeleg for innsyn.

### **Halvårsvurdering**

Fylkeskommunen har gjennom oppfylging av saker fått kjennskap til at fleire lærlingar ikkje har fått gjennomført halvårsvurdering i samsvar med lova og ikkje i samsvar med opplæringskontoret sine gjeldande prosedyrar (vedlegg s. 45, 2014/24617-87). Dersom fylkeskommunen finn at ei lærebedrift ikkje gjennomfører halvårsvurdering i samsvar med lova, skal fylkeskommunen setja i verk tiltak. Forholde har difor også blitt særskilt påpeika ovanfor opplæringskontoret.

Fylkeskommunen har i samhandlinga med opplæringskontoret i dei først omtalte sakene, i varslingssakene og i omtalte oppfylgingssak, erfart at opplæringskontoret har vist liten evne til å retta seg etter råd og vedtak fått frå fylkeskommunen og frå klagenemnd. Fylkeskommunen meiner også at opplæringskontoret ikkje handlar i samsvar med eigen vedteken kvalitetspolitikk (vedlegg s. 45, 2017/24617-87).

Fylkeskommunen har vore i kontakt med alle varslarar for å få inngåande kunnskap om dei varsla forhold. I dei sakene det har vore læringar direkte involvert, har fagopplæringskontoret også vore i direkte kontakt med lærlingane. Fagopplæringskontoret har orientert styret i opplæringskontoret om alle varsel, gjort greie for vår vurdering av desse og dokumentert forholda slik at opplæringskontoret har hatt gode føresetnader for å kunne ordna opp i enten konkrete forhold eller for å betre rutinar.

### **Fylkeskommunen sitt oppfølgingsarbeid i saka**

Kvar sak og dei forhold som er teke opp, har varierende grad av alvor. Samla sett vurderer fylkeskommunen det som ein svært alvorleg situasjon i høve opplæringskontoret, og har funne det heilt nødvendig å reagere og setja inn dei tiltak som er nødvendig for å sikre at forholda blir rydda opp i, og at ikkje nye oppstår.

Fylkeskommunen kalla dagleg leiar og styreleiar inn til møte hjå fylkeskommunen. Møtet fann stad 13.06.18. Frå opplæringskontoret møtte styreleiar og eit styremedlem.

Fylkeskommunen la fram omfattande saksinformasjon og saksdokumentasjon og kravde at opplæringskontoret snarast sørgjer for at opplæringa i bedrift fungerer betre og er i samsvar med lov og regelverk. Treparsamarbeidet byggjer på tillit. Fylkeskommunen formidla vår sterke bekymring for situasjonar der dagleg leiar har hatt ei framferd som andre opplever som uetisk, diskriminerande og trakasserande. Fylkeskommunen har ikkje tillit til at dagleg leiar handterer enkeltsaker, då fylkeskommunen har sett at saker han involverer seg i kan få uønskt og feilaktig utvikling. Difor kravde fylkeskommunen at dagleg leiar ikkje skal inn i saker direkte med lærlingar til slik tillit er attende. Fylkeskommunen stilte fleire konkrete krav og tilbydde rettleiing til opplæringskontoret og til styret. Det vart sett fristar (vedlegg s. 51, 2014/24617-20, 22, 23).

Fylkeskommunen fekk svarbrev frå styret den 27.06.18 (vedlegg s. 68, 2014/24617-24). Det blir gjort greie for at dagleg leiar trekkjer seg tilbake frå representasjon og direkte kontakt med lærlingar ei tid framover. Styret skriv at dei startar eit større arbeid i organisasjonen som på sikt sikrar at opplæringskontoret fylgjer lover og reglar. Det vart ikkje presentert tiltaksplan slik fylkeskommunen hadde kravd. Det vart i staden orientert om at dette skal utarbeidast.

I perioden mellom fyrste og andre møte (omtala i neste avsnitt), fekk fylkeskommunen nye varsel om kritikkverdige forhold.

Opplæringskontoret vart kalla inn til oppfølgingsmøte med fylkesdirektør opplæring den 05.07.18 (vedlegg s. 72, 2014/24617-66, 67). Styreleiar og to styremedlemmar møtte. Det var på førehand ikkje motteke tiltaksplan frå opplæringskontoret. Tiltaksplan vart heller ikkje lagt fram i møtet. Styret orienterte likevel om at det er sett inn strakstiltak. Strakstiltaket var at dagleg leiar var fråteken nokre arbeidsoppgåver som går på direkte kontakt med lærlingar, i fyrste omgang fram til oktober. Nokre oppgåver vart overført til rådgjevar på kontoret. Kva gjeld den personalmessige dimensjonen av sakene som vart drøfta, gjorde fylkesdirektøren det klart at ansvaret ligg på styret i opplæringskontoret. Fylkeskommunen sitt ansvar er å setje klare grenser for kva fylkeskommunen tolererer i høve ansvarlege på opplæringskontor si framferd ovanfor elevar og lærlingar, og korleis dei samhandlar med forvaltninga. Fylkeskommunen kravde på nytt i møtet at opplæringskontoret jobba raskt med tiltaka og snarast sikra at alle lærlingane får den opplæringa dei har krav på. Fylkeskommunen tok i møtet opp fleire forhold ein fann alvorleg og der det er behov for rask handling. I møtet kom det fram at styret framleis hadde valt å ikkje undersøke namngjevne lærlingar si side av saka, trass i at dette også vart diskutert i telefonsamtale 19.06.18. mellom styreleiar og saksbehandlar (vedlegg s. 73, 2014/24617-21). Styreleiar fortalte at ho har snakka med fire lærlingar. Dette er lærlingar som har vore lett tilgjengeleg, mellom anna i eigen organisasjon, og ikkje lærlingar i varselsakene. Dette finn fylkeskommunen urovekkande.

Fylkeskommunen tilbydde rettleiing til styret og dei tilsette. Etter møtet blei det sendt ut nytt kravbrev og detaljert kravliste i referat (vedlegg s. 75, 2014/24617-26).

### **Rettleiing**

Fylkeskommunen og styreleiar har hatt ein avtale om at fylkeskommunen skal melda attende til opplæringskontoret om forhold som må ordnast opp i i pågåande saker og for at nye oppfylgings saker ikkje skal oppstå. I tida etter møta den 13.06.18 og 05.07.18, har fagopplæringskontoret ytt rettleiing i nokre enkeltsaker. Det har kome nokre reaksjonar på dette frå opplæringskontoret. Fagopplæringskontoret har i samband med det funne det rett å minne om at fylkeskommunen har ansvaret for at opplæringa av lærlingar skjer i samsvar med opplæringslova, og at det også betyr at fylkeskommunen har ansvar for kvalitetsoppfølginga av opplæringa som skjer i opplæringskontoret og tilhøyrande medlemsverksemdar (vedlegg s. 83, 2014/24617-34, 35, 36). Målet for fagopplæringskontoret si rettleiing har vore at opplæringskontoret skal vere eit godt fungerande opplæringskontor.

Fylkeskommunen hadde avtala eit rettleiingsbesøk 27.9.18, der både tilsette og styret i opplæringskontoret skulle delta. Møtet vart avlyst grunna sjukdom. Då fylkeskommunen bestemte å opna sak om vurdering av tap av godkjenning, var det ikkje lenger føremålstenleg å gjere ny avtale om besøk. Besøket var uansett vurdert til å ikkje ha avgjerande betyding for utfallet av saka.

Fylkeskommunen meiner det er beklageleg at opplæringskontoret ikkje har lagt særskilt vekt på å gje skriftleg tilbakemelding og orientering om arbeid som går føre seg i saker som fylkeskommunen har teke opp i oppfylgings saka, og i enkeltsaker der fylkeskommunen har stilt spørsmål eller har funne det naturleg at opplæringskontoret gir informasjon utan oppmoding.

### **Tilleggsmerknad i lærekontrakt**

Fylkeskommunen har registrert at opplæringskontoret fortsette å bruke tilleggsmerknad i sine lærekontraktar også etter at det var avtala at det ikkje skulle nyttast. Fylkeskommunen måtte påpeike forholdet på nytt før opplæringskontoret endra praksis. Fylkeskommunen registrerte at opplæringskontoret då innførte ein noko endra tilleggsmerknad i sine kontraktar, trass i oppmoding om at slik merknad ikkje skal stå (vedlegg s. ,90 2014/24617-27, 30). Utviklinga i tilleggsmerknader på lærekontraktane har fylkeskommunen vist i vedlegg 30A (s.92).

### **Representant for dei tilsette**

Fylkeskommunen har avdekkja og påpeika (både i møte 05.07.18 og gjennom e-postkorrespondanse etterpå) at det på fleire lærekontraktar er det ein arbeidsgjevarrepresentant som er oppført som representant for dei tilsette. Det kan ikkje fylkeskommunen tillate. Rolla til tilsynsrepresentanten skal vere å sjå til at medlemsbedrifta fylgjer pliktene etter opplæringslova med forskrift. Ein tilsynsrepresentant er ein representant for arbeidstakarane. Fylkeskommunen har forventningar om at opplæringskontoret sikra at tilsynsrepresentantane oppgitt på lærekontraktar er personar som er oppnemnt i samsvar med føremålet. Styret lova i møtet den 05.07.18. at dette skulle sikrast for alle lærlingar og på kvar nye lærekontrakt framover. Fylkeskommunen har i perioden 05.07.18 til dags dato registrert fleire avvik på nye lærekontraktar i høve dette forholdet, trass i at forholdet står som eige punkt i tiltaksplanen (vedlegg s. 75, 2014/24617-26, 39 (s.93)).

### **Varsel om mogleg tilbaketrekking av godkjenning og svarbrev frå opplæringskontoret**

Frist for opplæringskontoret sitt arbeid og innsending av tiltaksplan gjekk ut 31.08.18. Fylkeskommunen hadde ikkje fått svar frå opplæringskontoret då fristen gjekk ut. Fylkeskommunen tok omsyn til vanleg postgang og sende difor ut varsel om mogleg tilbaketrekking av godkjenning som opplæringskontor først den 05.09.18 (vedlegg s. 95, 2014/24617-45).

Fylkeskommunen fekk svarbrev på e-post den 06.09.18.

Opplæringskontoret meiner å ha fullt opp krava frå fylkeskommunen, med unntak av ein skriftlig tiltaksplan (vedlegg s. 97, 2014/24617-48, 49, 56, 71, 57, 76).

Opplæringskontoret informerer om å ha gått gjennom rutinar og prosessar rundt ivaretaking av lærlingar, og korleis dei handterer medlemsbedriftene og har lærlingar utplassert hos seg. Fylkeskommunen har ikkje motteke dokumentasjon på slik gjennomgang. Fylkeskommunen venta å få dokumentasjon i svarbrevet, både i form av rutinar, før og etter gjennomgang og endring, og innføring av eventuelle nye rutinar. Det burde også vore gjort nærmare greie for desse.

Styreleiar viser til at det er rett at det under møtet 05.07.18 ikkje vart lagt fram ein skriftleg tiltaksplan, men meiner at dei refererte munnleg på det arbeidet som var gjort og det ein ynskje å gjere. Det kjem mellom anna fram av møterefateratet at «Styret uttrykte ønskje om at fylkeskommunen skulle vere meir konkrete slik at dei kunne lage ein slik plan. Fylkeskommunen meiner å ha vore tydeleg på forventingar og krav i samsvar med lov- og regelverk, og at styret og opplæringskontoret sjølv må vurdere kva som må gjerast for å nå målet om å arbeida i samsvar med det.». Det er vår vurdering at styret berre la fram eit konkret tiltak som var sett i verk (mellombels endring av dagleg leiar sine oppgåver).

Fylkeskommunen har mellom anna kravd at opplæringskontoret sikrar at det vert gjennomført samtalar kvart halvår for lærlingane, jamfør lovkrav om dette. Det er enno ikkje dokumentert at kontoret gjennomfører halvårsvurderingar i samsvar med lovkravet og på kva måte dette vert gjennomført. Fylkeskommunen har lagt fram for opplæringskontoret og styret saker der me veit at dette er forsømd over tid. Likevel er det ikkje lagt inn føremålstenlege tiltak i høve halvårsvurdering i tiltaksplanen.

### **Austevoll vidaregåande skule**

Opplæringskontoret skriv i brev av 06.09.18 at dei har hatt møte og telefonsamtalar med Austevoll vidaregåande skule, og konkluderer med at opplæringskontoret og skulen har felles oppfatning av skulen si tilbakemelding til opplæringskontoret våren 2018. Opplæringskontoret skriv at dei tek skulen si tilbakemelding svært seriøst, og at dei har hatt fleire samtalar med rektor og assisterande rektor ved skulen. Assisterande rektor Håvard Magnus Njåstad har i e-post av 18.09.18 gjort greie for kva kontakt det har vore mellom opplæringskontoret om oppfylgningssaka i perioden. Undervegs i prosessen har det ikkje vore formelle møte med agenda og referat, men det har vore telefonsamtalar i hovudsak for å gjere greie for funn i elevevaluering, men og situasjonen styret var kome i (vedlegg s. 118, 2014/24617-73 og 77).

### **Krav om dialog i det pågåande arbeidet**

Fylkeskommunen har gjennom prosessen kravd fortløpande og skriftleg orientering om det pågåande arbeidet, både i møtet 13.06.18 og etter møtet 05.07.18. Fylkeskommunen har her vist til at fylkeskommunen har forvaltningsansvar for alt administrativt arbeid i fag- og yrkesopplæringa. Fylkeskommunen er ikkje nøgd med at me ikkje har motteke tilfredsstillande informasjon (vedlegg s. 51, 2014/24617-20, 26 (s.75), 36 (s.83)).

### **Vurdering av tilsendt tiltaksplan**

I brevet motteke 06.09.18 er ein tiltaksplan lagt ved. Planen er datert 31.08.18., men fylkeskommunen kan ikkje sjå at dokumentet er ein føremålstenleg og ajourført plan. Det er ikkje råd å sjå kva som er utført og ikkje. Det føreligg ikkje noko dokumentasjon på arbeid med tiltaka. Fylkeskommunen har kjennskap til at fleire av tiltaka ikkje er gjennomført sjølv om dato for gjennomføring er passert. Til saka høyrer også at i e-post av 06.09.18 ynskjer styreleiar at ansvarlege på fylkeskommunen skal gå gjennom dei endringar som fylkeskommunen meiner at dei (opplæringskontoret) må gjere (vedlegg s. 122, 2014/24617-55).

Fylkeskommunen skreiv til styreleiar i e-post av 10.09.18 at «Dersom opplæringskontoret i Austevoll har nye opplysningar å komme med, og eventuelt har dokumentasjon på gjennomførte tiltak bør dere sende dette inn i svarbrev innan fristen.» (vedlegg s. 126, 2014/24617-64).

Fylkeskommunen er ikkje overtydd om at det er sett inn og gjennomført tilstrekkelege og føremålstenlege tiltak som sikrar at lærlingar og elevar får god opplæring, har eit godt læringsmiljø og får god nok oppfylgning, jamfør lov og regelverk.

Fylkeskommunen fekk eit nytt svarbrev på e-post den 19.09.18.

Styret rapporterer om at alle tiltak er gjennomført som planlagt (vedlegg s. 127, 2014/24617-74). I svarbrev 19.09.18 er det likevel ikkje sendt med dokumentasjon. Fylkeskommunen har stilt krav om fortløpande skriftleg dokumentasjon i kravbrev som er sendt ut i saka, og tek til vitande at ein framleis ikkje har motteke dette.

Opplæringskontoret skriv at dei fekk munnleg beskjed om at varselet det visast til er sendt ut då tiltaksplanen med frist 31.08.18 ikkje var i fylkeskommunen i hende til den datoen. Fylkeskommunen venta

til 05.09.18 med utsending av varsel for å ta omsyn til postgang. Det er ikkje korrekt at fylkeskommunen varsia munnleg. Dokumentet vart sendt elektronisk (SvarUt) til opplæringskontoret si formelle adresse og til styreleiar personleg. Styreleiar ringte fylkeskommunen 05.09.18, og det kom fram i samtalen at brev om varsel om mogleg tilbaketrekking av godkjenning var motteke av opplæringskontoret.

Opplæringskontoret meiner det er ei misforståing å senda ut slikt varsel og finn det særskild beklageleg at ei slik misforståing resulterer i eit alvorleg brev om tilbaketrekking av godkjenninga. Varselet kjem ikkje berre på grunn av at opplæringskontoret ikkje svara innan fristen. Varsel kjem som fylgje av manglande skriftleg oppfylging ovanfor fylkeskommunen gjennom fleire månader, og fordi at fylkeskommunen har fleire verifiserte døme på saker der ein erfarer at rutinar ikkje er forbetra. Den 05.09.18 la fylkeskommunen til grunn at opplæringskontoret ikkje har dokumentert å ha utført tilstrekkeleg handling/tiltak til å ha lukka alvorlege avvik og fått på plass manglande rutinar.

Opplæringskontoret legg vekt på at det er gjennomført møte med tilsette for å starte arbeidet med å sikre at lovar og reglar vert fylgd. Fylkeskommunen har forventningar om at opplæringskontoret sitt arbeid alltid er i samsvar med lov og regelverk. Når alvorlege forhold er avdekka, påpeika og gitt rettleiing om over lang tid, ventar fylkeskommunen på noverande tidspunkt at forholda er ordna opp i.

Styret skriv i brevet at dei ser alvorleg på varsla som har komen i samband med kontoret sitt virke, og at dei har eit ynskje om å rydde opp i det på ein god og riktig måte. Dei skriv vidare at det er særskild alvorleg og beklageleg at lærlingar har blitt skadelidande som fylgje av opplæringskontoret i Austevoll. Styret skriv at det alltid er lærlingen som skal vere i fokus i alt opplæringskontoret gjer.

Fagopplæringskontoret er ikkje overtydd om at det er sett inn og gjennomført tilstrekkelege og føremålstenlege tiltak som sikrar at lærlingar får god opplæring, har eit godt læringsmiljø og får god nok oppfylging jf lov og regelverk. Det vart difor opna sak om vurdering av tap av godkjenning den 01.10.18. (vedlegg s. 130,2014/24617-80)

Opplæringskontoret i Austevoll har også uttalt seg i saka om tap av godkjenning. I uttale av 12.10.18 informerer styret om at det vil bli gjort endring i leiinga av kontoret. Når det gjeld i kva grad denne saksinformasjonen har vesentleg betydning for utfallet i saka om mogleg tap av godkjenning, finn vi at det ikkje er tilfelle. Det er forhold regulert i opplæringslova og forskrift som blir lagt vekt på i saka, og dei påpeikte saksforholda er ikkje berre personavhengig.

Opplæringskontoret har lagt ved oppdatert tiltaksplan, som er tredje versjon sidan første vart sendt inn 06.09.18. Det som er nytt i planen er at i tiltak nr 5 har opplæringskontoret den 11.10.18 knytt til seg ekstern bistand som skal gjennomgå instruksar og rutinar m.m. og identifisere behov for endringar. Styret skriv at det har vore krevjande å identifisere kva konkrete forhold fylkeskommunen meiner kvalifiserer til tap av godkjenninga. Vi meiner at opplæringskontoret har fått grundig gjennomgang og dokumentasjon av dei aktuelle forhold og rettleiing. I tillegg har opplæringskontoret gjennom oppfylginga fått aktuelle krav skriftleg frå fylkeskommunen i fleire brev: i orienteringsbrev om rettar og plikter, i krav om tiltak, i referat, i varselbrev om mogleg oppstart av sak, og i brev om sak om mogleg tap av godkjenning. Elev- og lærlingombodet har hjulpet ein lærling i saka si og delteke i møte med opplæringskontoret. Det har også vore direkte involvering i saka på høgste hald i opplæringsavdelinga. Styret har tidlegare meldt attende at dokumentasjonen fylkeskommunen har lagt fram er grundig og viktig i forhold til å kunne ta rette avgjerder. I vedlagt instruks «heving og endring av lærekontrakt – instruks frå styret i OK Austevoll», har styret innført at alle saker om ein-sidedig heving skal alltid handsamast som eiga styresak. Vidare at «I utfordrande saker bør styret søke råd av fylkeskommunen og/eller ekstern juridisk bistand. Det er opplæringslova som regulerer korleis spørsmål om heving skal avgjerast. Endringar i læreforhold, som har påverknad på fullføring av utdanninga, skal utan grunna opphald meldast til fylkeskommunen, og ein finn det av fleire omsyn ikkje føremålstenleg at eit styre skal handsama slike enkeltsaker. Instruksen har også påverknad på omsynet til personvern for lærlingar.

Opplæringskontoret ber om ny frist til å imøtegå og eventuelt rette opp forhold, før fylkeskommunen eventuelt vurderer tap av godkjenninga. Oppfylginga av saka starta 1. kvartal i 2017. Fylkesrådmannen legg til grunn at det er gitt rimeleg tid til å rette opp forholda.

### **Fylkesrådmannens samla vurdering i saka**

Fylkeskommunen si plikt til å godkjenne, rettleie og følgje opp lærebedrifter for å sjå at lærebedriftene oppfyller pliktene sine, er ein del av det overordna ansvaret fylkeskommunen har for å sikre at lærlingar får den opplæringa dei har krav på.

Fylkeskommunen har i denne saka avdekka forhold som er i strid med lov og forskrift. Det er fylkeskommunen si plikt å sikre at det vert sett i verk tiltak som er tilstrekkelege til å rette opp i slike forhold.

Fylkeskommunen har no brukt omfattande ressursar på rettleiing og oppfylging. Det er sett konkret krav om tiltak og handling med fristar for gjennomføring. Målet har vore at forhold som er lovstridige skal rettast så raskt som mogleg, og at alle lærlingar hos opplæringskontoret skal ha eit godt og føremålstenleg opplæringsmiljø.

Opplæringskontoret har brukt urovekkjande lang tid på å reagere på forhold fylkeskommunen tek opp som alvorlege forhold, og forhold som fylkeskommunen krev strakstiltak på. Fylkeskommunen orienterte styret om forholda i april 2018. Opplæringskontoret hadde i tillegg hatt ei lengre sak gåande sidan vinteren 2017. Ein kan ikkje sjå at det er sett inn tilstrekkelege tiltak som har betra eller som vil betra forholda.

Ein finn det også rett å referere til dialogmøte mellom fylkeskommunen og opplæringskontoret juni 2016. I referat finn ein at det er påpeika at enkelte av opplæringskontoret sine medlemsverksemdar ikkje har kontroll på rutinar om heving av lærekontrakt. Vidare har høve til å omplassere lærlingar til andre medlemsverksemdar også vore drøfta i dialogmøtet. Opplæringskontoret har rapportert at dette vert prøvd dersom det er mogleg. To år seinare har oppfylgingssaka synt at forholda ikkje har hatt den utviklinga ein har ynskt. For å hindre fråfall i vidaregåande opplæring er det viktig at opplæringskontoret gjer det som er mogleg for å bidra til fullføring av lærekontraktane.

Det er fylkesrådmannens vurdering at vi etter lang oppfylging likevel ikkje kan vere trygge på at opplæringskontoret i Austevoll opptreer forsvarleg når det gjeld opplæringskontoret sitt ansvar. Vi meiner at styret ikkje har retta opp i krav frå fylkeskommunen og at dei framleis ikkje har tilstrekkelig oversikt over situasjonen. Opplæringskontoret og styret har også berre delvis fylgd sine egne prioriteringar og egne definerte tidsfristar i tiltaksplanen (vedlegg s. 106, 2014/24617-71).

Fylkeskommunen har ikkje grunnlag for å påpeike at alle medlemsbedriftene i opplæringskontoret ikkje fyller krava i opplæringslova § 4-3. Fylkeskommunen vil vurdere å følgje opp involverte medlemsverksemdar.

Fylkeskommunen kan trekkje tilbake godkjenninga som lærebedrift/opplæringskontor dersom lærebedrifta/opplæringskontoret ikkje lenger oppfyller krava gitt i opplæringslova med forskrifter. Før seksjonsleiar fagopplæring skal ta avgjerd om det ligg føre grunnlag for tap av godkjenning som opplæringskontor, vert saka no lagt fram for Yrkesopplæringsnemnda til uttale og rådgjevande vedtak. Hordaland fylkeskommune v/ seksjonsleiar fagopplæring skal leggja avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå nemnda i sitt endelege vedtak i spørsmålet om godkjenning som opplæringskontor.

Opplæringskontoret har i dag om lag 160 lærekontraktar, fordelt på 17 lærefag. Dersom det blir gjort vedtak om tap av godkjenning som opplæringskontor, vil kontoret få vedtaksbrev med klagerett på forholdet. Fyrst når klagefrist er gått ut, vil vedtaket bli effektuert. Eksisterande lærekontraktar blir då flytta slik at dei blir direkte knytt til medlemsbedriftene der lærlingane no er i lære. Fylkeskommunen er førebudd på å handtere dette raskt.

Opplæringskontoret i Austevoll vil på eit seinare tidspunkt kunne søkje om godkjenning som opplæringskontor, når og dersom dei kan dokumentere at internkontrollsystemet deira er forsvarleg nok til at vilkåra for godkjenning er til stades.

Dersom det vert sett fram klage på vedtak, vil saka bli vurdert opp mot forvaltningslova § 42.

### Oppsummering

Fylkeskommunen finn at det er nødvendig å gjere vedtak om tap av godkjenning som opplæringskontor ut frå følgjande forhold:

- Fleire lærlingsaker der det er dokumentert at lærlingane ikkje får opplæring i lærefaget sitt
- Har ikkje meldt frå om saker der lærlingane ikkje er under opplæring
- Har gitt urette opplysningar i lærlingsaker
- Har på førespurnad ikkje dokumentert at det er gjennomført halvårsvurdering. Opplæringskontoret har system for oppfylging, men fylgjer ikkje desse tilstrekkeleg
- Har ikkje vist forsvarleg sakshandsaming i hevingssaker
- Har ikkje funne nye læreplassar for lærlingar som har eit læreforhold, men som ikkje får opplæring
- Har ikkje rutinar for å sikre at lærlingar har oppnemnd ein eigen representant for dei tilsette i medlemsverksemda, eller følgjer ikkje desse
- Har ikkje dokumentert tilstrekkeleg og forsvarleg oppfylging i tvistesaker
- Har ikkje etterlevd fylkeskommunen og klagenemnd sine vedtak
- Har ikkje sett inn tilstrekkelege tiltak for å betra situasjonen
- Har ikkje handla på krav frå fylkeskommunen
- Dei påpeikte forholda har gått føre seg over lang tid

### Rettsleg grunnlag

- Opplæringslova § 4-3 Godkjenning av lærebedrift
- Opplæringslova § 4-4 Rettane og pliktene til lærebedrifta
- Opplæringslova § 4-7 Internkontroll i den enkelte lærebedrifta
- Opplæringslova § 4-8 Oppgåvene til fylkeskommunen knytte til fag- og yrkesopplæringa
- Forskrift til opplæringslova §11-3 Lærebedrifta pliktar å gje den informasjon som fylkeskommunen krev
- Forskrift til opplæringslova §11-5 Om å tilbaketrekke godkjenninga dersom ein ikkje lenger oppfyller krava
- Forskrift til opplæringslova §3-14 Om halvårsvurdering

### Vedlegg

- |       |                  |  |
|-------|------------------|--|
| s. 1  | 2015/11675-4     | Vedlegg e-postar til og frå Glesnes                                      |
| s. 5  | 2014/24617-89    | Kopi av e-post frå Austevoll vgs til opplæringskontoret                  |
| s. 7  | 2017/2491-94     | Varsel av 5.6.18 frå Elev- og lærlingombodet                             |
| s. 8. | 2014/24617-90    | Varsel frå Sjømannsforbundet   |
| s. 19 | 2017/2491-91     | Om skriftleg åtvaring  |
| s. 20 | 2017/2491-72     | Skriftleg åtvaring   |
| s. 21 | 2017/2491-81     | Avslag på søknad om gjensidig heving                                     |
| s. 26 | 2017/2491, 85    | Klage på avslag om gjensidig heving                                      |
| s. 39 | 2017/2491-86     | Stadfesting på trekt klage   |
| s. 40 | 2017/2491- 88    | Vedtak om einssidig heving av lærekontrakt                               |
| s. 41 | 2014/2491-74     | Vedlegg 4, s 61-62, Referat frå møte med lærling 24.10.17                |
| s. 43 | 2014/2491-35     | Brev om rettar og plikter  |
| s. 45 | 2014/24617-87    | Kvalitetspolitikk og prosedyrar, OK i Austevoll frå kontoret si nettside |
| s. 50 | 2014/24617-19    | Innkalling til møte på fagopplæringskontoret                             |
| s. 51 | 2014/24617-20    | Krav om tiltak og møtereferat  |
| s. 67 | 2014/24617-22,23 | Utvida frist for innsending av tiltaksplan og dokumentasjon              |
| s. 68 | 2014/24617-24    | Svarbrev frå opplæringskontoret  |
| s. 72 | 2014/24617-66,67 | Innkalling og svar til oppfylgingsmøte                                   |
| s. 73 | 2014/24617-21    | Organinternt notat 19.06.18  |
| s. 75 | 2014/24617-26    | Krav om tiltak og møtereferat  |
| s. 80 | 2014/24617-88    | Vedtekter  |

s. 83	2014/24617-34,35,36	E-postar om omplassering av lærling
s. 90	2014/24617-27	E-post om tilleggsmerknader
s. 91	2014/24617-30	E-postkopi frå opplæringskontoret
s. 92	30A	Utvikling i tilleggsmerknad på lærekontrakt
s. 93	2014/24617-39	E-postar, oppnemning av tilsynsrepresentantar
s. 95	2014/24617-45	Varsel om mogleg oppstart av sak om tap av godkjenning
s. 97	2014/24617-48	Mottatt versjon 1, kopi av brev sendt fylkeskommunen
s. 105	2014/24617-49	Stadfesting på mottatt versjon 1 brev sendt fylkeskommunen
s. 106	2014/24617-56, 71	Mottatt versjon 2 kopi av brev sendt fylkeskommunen
s. 115	2014/24617-57	Innhenting av uttale Posten
s. 115	2014/24617-76	Uttale frå Posten og Bring
s. 117	2014/24617-63	Stadfesting på mottatt versjon 2 kopi av brev sendt fylkeskommunen
s. 118	2014/24617-77	Førespurnad til Austevoll vgs
s. 119	2014/24617-73	Svar frå Austevoll vgs
s. 122	2014/24617-55	Informasjonsmøte Austevoll
s. 126	2014/24617-64	Til orientering om varsel om mogleg opning av sak om tap av godkjenning
s. 127	2014/24617-74	Svar frå opplæringskontoret, om mogleg tilbaketrekking av godkjenning
s. 130	2014/24617-80	Sak om vurdering av tap av godkjenning
s. 131	2014/24617-90	Uttale av 12.10.2018